



Miljøretta helsevern

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/8 - 19/1561

Sakshandsamar:
Nils Moldøen
nils.moldoen@fedje.kommune.no

Dato:
27.03.2019

Tilbakemelding om pålegg om retting - Fedje skule

Miljøretta helsevern har etter tilsyn gjeve Fedje skule 4 pålegg og 6 merknader som må på plass for å kunna vera trygge på at skulen lever opp til krava som vert stilt til ein god og trygg arbeids- og opphaldstad i dag.

Pålegg nr. 1:

Skulen manglar godkjenning etter «*Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.m.*»

Slik me forstår forskrifta, vil godkjenning vera avhengig av korleis me følgjer opp dei konkrete pålegga og merknadene som ligg i tilsynsrapporten. Me viser til det som vert sagt frå vår side om dei punkta.

Pålegg nr. 2:

Skulen er ikkje lagt til rette for personar med funksjonshemmning

Fedje skule har to bygg som vert brukt til undervisning. «Nyeskulen» vert i dag nytta av 1.-4.klasse og til SFO. «Gamleskulen» vert brukt av 5.-10.klasse.

Plan for universell utforming:

Nyeskulen let seg enkelt leggjast til rette for personar med fysisk funksjonshemmning som til dømes rullestol. Heile arealet er på eitt nivå, og det kan lagast rampe slik at du kjem deg inn i bygget grunna eitt trappetrinn. (Det har tidlegare vore rampe og automatisk dør opnar her, då skulen hadde ein elev som delvis nytta rullestol. Rampen vart ikkje remontert då ny dør vart montert). Toaletta har stort areal med tre toalett. Eitt av toaletta kan byggast om slik at det er mogleg å nytta rullestol.

Gamleskulen har nyrenoverte toalett, og det er eige handicaptoalett. Gamleskulen har trapper og det kan monterast heis i desse for bruk av rullestol.

Funksjonshemmning som går på syn kan leggast til rette for med merking av flater.

Kva for bygg som vert brukt til kva aldersgruppe kan bytast på etter behov.

Pålegg nr. 3:**Tryggleiken på avsats (gelender) må utbetrast**

Dette pålegget hadde frist 28.02.19 og vart gjennomført i skulens vinterferie i februar 2019. Sjå tidlegare tilsendt bilet av løysinga.

Pålegg nr. 4:**Skulen har ikkje tilfredsstillande inneklima**

Kommunen startar no eit arbeid med å laga ein kostnadskalkyle for eit nytt ventilasjonssystem på skulen. Me ser for oss at dei kan verta rimeleg høge samanlikna med kor mykje midlar kommunen rår over. Førebels plan er å ha eit visst kostnadsoverslag til budsjettprosessen startar i juni 2019. Tanken er å få finansiert og utført prosjektet i neste økonomiplanperiode.

Fram til eit slikt anlegg kjem i drift må skulen vera nøye med å lufta, særleg i klasseromma.

Merknad nr.1: Skulen må betre internkontrollsystemet

Skulen følgjer «Retningsliner HMT» som gjeld for heile kommunen (sjå vedlegg). Avvikshandtering er å finna under pkt. 4 *Prosedyre for melding og oppfølging av avvik*. Me kan leggja til at kommunen har for tida ein gjennomgang av denne prosedyren (uavhengig av tilsynet), og me reknar med det vert ein del endingar i meldingsskjemaet og i oppfølginga, men at hovudprinsippa ligg fast. Når dette arbeidet er ferdig vil det verta presentert og gjennomgått i alle einingane i kommunen.

Merknad 2: Skulen/kommunen må revidera/oppdatera vedlikehaldsplanen

Me set i gang dette arbeidet no og har mål om at den skal vera ferdig innan 15. september 2019.

Merknad 3: Verksemda/skulen manglar dokumentasjon på tilfredsstillande branngryggleik

Me har sett oss mål om å dokumentera branngryggleiken innan 15. september 2019.

Merknad 4: Verksemda/skulen må oppdatera rutinar for kontroll av tryggleiken

Dei rutinane me har i HMT-permen for skulen i dag, viser prosedyre for vernerundar og skjema som vert brukt for å dekka heile verksemda. Sjå vedlagt prosedyre. Skulen vil leggja vekt på at også leike- og uteområde vert teke med på vernerundane.

Merknad 5: Kantine (gamal gymsal) har ikkje tilfredsstillande lydforhold

For å lyddempa kantina/gamle gymsal kan det setjast inn lyddempande himling. Veggane som er av mur og kledd med trepanel under vindauge kan også påmonterast lyddempande plater. Å løysa dette problemet gjennom reint bygningstekniske løysingar, kan kosta meir enn det smakar i økonomisk krevjande tider.

Inn til vidare vil skulen vurdera andre støydemperende tiltak, ev. korta ned på tida i dette rommet.

Merknad 6: Fuktskade i «nyeskulen»

I november 2018 vart det lagt ny papp på taket på «nyeskulen». Det er ny (og tørr) himling på plass i klasserom B. Alle vindauge er skifta i klasseromma B og C (2019). I 2020 vil alle vindauge i klasseromma D og E få nye vindauge.

Med helsing

Nils Moldøen
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ernst Horgen
Linda Husa
Øyvind Tolleshaug

Mulevegen 79 5947

FEDJE

Mottakarar:

Miljøretta helsevern